

RHF avd. Sogn og Fjordane

ÅRSMØTE 2019

REFERAT

RHF-medlemene i Sogn og Fjordane var innkalla til årsmøte på Skei 16.03.19. 23 medlemar møtte fram til møtet som vart halde på Skei Servicesenter.

1. Opning

Leiar, Håkon Råheim, opna årsmøtet og ynskte RHF-medlemar frå fylket velkomne til Skei.

2. Godkjenning av innkallinga

Årsmøteinnkalling var utsendt til medlemene i god tid før årsmøtet. Det var ingen merknader her, så denne vart samråystes godkjend.

3. Val av møteleiar og sekretær

Håkon Råheim vart valt til møteleiar og Vidar Lægreid til sekretær.

4. Val av 2 til å skriva under møteprotokollen

Torbjørn Ask og Arne Kjell Fimland vart valde.

5. Årsmelding for 2018

Ei fyldig årsmelding var i førevegen utsend til medlemene.

Møteleiar gjekk gjennom årsmeldinga punkt for punkt og kom med utfyllande kommentarar. Årsmeldinga vitnar om stor aktivitet i avdelinga.

Det var få merknader til årsmeldinga, men det kom framlegg om nokre små forandringar, noko som vert retta opp.

Årsmeldinga vart deretter samråystes godkjend med dei føreslåtte forandringane. Indre Sogn Veteranbusslag, som høyrer til RHF avd. Sogn og Fjordane, hadde årsmøte 14.03.19 og la då fram eiga årsmelding om aktiviteten i laget.

6. Rekneskap for 2018

Kasserar Per Lien gjekk gjennom rekneskapen, som vart delt ut til årsmøtedeltakarane.

Under gjennomgangen kommenterte kasseraren nokre av postane.

Spesielt gledeleg var det at avdelinga igjen fekk eit tilskot på kr 2000,- for størst medlemsvekst av alle avdelingane.

Rekneskapen, som også vitnar om stor aktivitet, viser driftsinntekter på kr 237.565 og driftskostnader på kr 223.962 og kom såleis ut med eit årsresultat på kr 20.411 med renter.

Kasseraren gjekk også gjennom rekneskapen til Indre Sogn Veteranbusslag. Dette er ein del av avdelinga sitt rekneskap, men det vert ført eige rekneskap for laget. Det var elles ingen merknader til rekneskapen som vart samråystes godkjend.

7. Budsjett for 2019

Kasserar Per Lien la fram eit budsjettforslag som viser driftsinntekter og driftskostnader på omlag kr 180.000, men han kommenterte at nokre av summane her er usikre.

Det kom ingen endingsforslag, så årsmøtet godkjende budsjettforslaget.

8. Innkomne saker

Det var ingen innkomne saker.

9. Val av styre og revisor

Leiar i valnemnda, Kurt Magne Neset, la fram forslaget frå nemnda, som i tillegg bestod av Endre Hellebust og Audun Hovland.

Desse vart valde med akklamasjon:

<i>Leiar:</i>	<i>Bjarne Horsevik</i>	<i>Ny. Valt for 2 år</i>
<i>Nestleiar:</i>	<i>Roald Herstad</i>	<i>Attval for 2 år</i>
<i>Kasserar:</i>	<i>Per Lien</i>	<i>Ikkje på val</i>
<i>Sekretær</i>	<i>Vidar Lægreid</i>	<i>Ny. Valt for 2 år</i>
<i>Styremedlem 1:</i>	<i>Bjørn Falck Russenes</i>	<i>Attval for 2 år</i>
<i>Styremedlem 2:</i>	<i>Arne Kjell Fimland</i>	<i>Ikkje på val</i>
<i>Styremedlem 3:</i>	<i>Jonfinn Alme</i>	<i>Ikkje på val</i>
<i>Varamann 1:</i>	<i>Håkon Råheim</i>	<i>Ny. Valt for 1 år</i>
<i>Varamann 2:</i>	<i>Trygve Årdal</i>	<i>Attval for 1 år</i>
<i>Revisorar:</i>	<i>Reidar Holsen</i>	<i>Attval for 1 år</i>
	<i>Leonard Birkeland</i>	<i>Attval for 1 år</i>

10. Valnemnd for 2020

Valnemnd: *Kurt Magne Neset, Endre Hellebust, Audun Hovland.*
Attval for 1 år
Leiar: Endre Hellebust

Etter årsmøtet fekk Håkon Råheim fin omtale og velfortent takk for det store og imponerande arbeidet han har lagt ned som leiar i RHF avd. Sogn og Fjordane gjennom heile 17 år.

Nyvalt leiar, Bjarne Horsevik, overrekte Håkon ei fin gåve, og leiar i Indre Sogn Veteranbusslag, Olav Grinde, kom med blomsterhelsing.

Solveig Råheim, som har vore ei god og solid støtte for Håkon i arbeidet hans i alle desse åra, fekk overrekt ei velfortent blomstergåve.

Årsmøtet vart avslutta med matservering på Skei Servicesenter, der eigar, Ola Fugle, spanderte gratis middag på årsmøtedeltakarane.